

# Notat

**Til:** Styreleiar

**Fra:** Øystein Solevåg

**Dato:** 11. november 2018

**SV:** Gjennomgang av rådmannen i Ålesund sitt saksframlegg til formannskapet om budsjett og selskapsavtale for ÅRIM (sak 108/18)

---

## **1) Rådmannen si tilråding om lukka prosess rundt ny selskapsavtale**

Både eigarkommunane og styret i ÅRIM bør ha interesse av at det er ein open offentleg debatt om oppgåvene til ÅRIM. Dette bidrar til å sikre god demokratisk forankring, og det sikrar at eigarkommunane driv aktiv eigarstyring.

ÅRIM har gode røynsler med å gjennomføre slike opne prosesser med dei tolv eigarkommunane, både for å få fastsatt felles renovasjonsforskrifter i 2013 og for å få semje om strategi for selskapet i 2017.

ÅRIM som interkommunalt selskap blir i enkelte høve kritisert for å vere «ein stat i staten» eller for å vere eit lukka forum. Denne kritikken kan kome både frå innbyggjarar og frå politikarar i eigarkommunane. Vi veit dessutan frå høyringsprosessen for strategi for ÅRIM i 2016 og 2017 at det er ulike oppfatningar mellom fleire av eigarkommunane om kva oppgåver det er aktuelt å overføre til ÅRIM. Vurderinga har difor vore at ein høyringsprosess gir det beste grunnlaget for gjennomføring av forhandlingar.

## **2) Rådmannen si vurdering av økonomi opp mot andre prioriterte mål for kommunen**

ÅRIM har hatt eit sterkt fokus på kostnadskontroll, og er i nasjonale målingar eit av dei mest kostnadseffektive renovasjonsselskapa i landet. Det rådmannen skriv i saksframlegget om underliggende kostnadsvekst frå 2018 til 2019 er feil. Når vi ser bruken av justeringfond i samanheng med utviklinga i kostnader, ser vi at ÅRIM legg opp til kostnadsnedgang frå 2018 til 2019.

Samstundes har ÅRIM ein strategi som balanserer tenestetilbodet til kundane, miljø og gjenvinning og økonomi. I kommuneplanen til Ålesund kommune er det mål om gjenvinning av meir avfall. Det er også eit mål at kommunen skal ta leiarskap i regionalt samarbeid om berekraftig utvikling og miljøutfordringar som går på tvers av kommunegrensene. ÅRIM saknar rådmannen si vurdering av ÅRIM sine planar opp mot desse omsyna.